



Arkivnr: 2019/12000-1

Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		18.06.2019
Fellesnemnda		18.06.2019
Fylkesutvalet		20.06.2019

Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland**Samandrag**

Eit av tiltaka knytt til Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 er: '*Utarbeide og legge fram ei politisk sak som vurderer kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonale jordvernål blir realisert.*'.

Fylkesmannen i Vestland har informert Hordaland fylkeskommune om at dei, på bakgrunn av Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014-2015) og oppdatering av Nasjonal jordvernstrategi (Prop. 1 S (2018-2019)), set i gong arbeidet med Jordvernstrategi for Vestland hausten 2019.

Hordaland og Sogn og Fjordane vil frå årsskifte 2020 gå saman til Vestland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune ønskjer å samarbeide med Fylkesmannen i Vestland om ein Jordvernstrategi for Vestland, og legge fram ei politisk sak som gjeld heile det nye fylket. Samarbeidet vil skje i form av felles arrangement, deltaking i arbeidsgruppe og bidrag til skriveprosessen. Fylkesmannen i Vestland vil ha hovudansvar for prosessen, høyring og ferdig dokument.

Saka om samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland vil også bli fremma for fellesnemnda.

Økonomi: Ingen ekstra kostnad**Klima:** Kan ha positiv effekt på klima og miljø**Folkehelse:** Kan ha positiv effekt på folkehelse.**Regional planstrategi:** Jordvernstrategi for Vestland kan bidra til eit attraktivt og nyskapande fylke, grøn konkurranseskraft og styrka jordvern.**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen samarbeider med Fylkesmannen i Vestland for å utarbeide Jordvernstrategi for Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om at Jordvernstrategi for Vestland blir lagt fram til politisk behandling for politikarar i nye Vestland fylkeskommune.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.05.2019

Her startar saksutgreiinga

Bakgrunn

Fylkestinget handsama Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 etter høring 12.06.2018 (PS 50/2018). Følgande vedtak blei gjort:

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» med tilrådde endringar slik det kjem fram av saksframlegget og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar, samt rett opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdera konkrete tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i planen og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.
4. For å sikre god rekruttering og gode arbeidsforhold i landbruket er det også viktig å jobbe mot sosial dumping.
5. Tillegg etter siste setning på side 10: «I tilfelle der eigar ikkje driv jorda sjølv, og ynskjer å selje til leigetakar som tilleggsjord, bør det leggast til rette for at den som faktisk driv landbruksjorda, får høve til å eige framfor å leige jorda han driv, i tråd med jordlova.»

Fylkesutvalet handsama «Tiltak som kan bidra til å oppnå innsatsområda i Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» den 25.10.2018 (PS 256/2018). Følgande vedtak blei gjort:

1. *Fylkesutvalet vedtek dei tilrådde tiltaka slik det kjem fram av saksframlegget, og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med tiltaka.*
2. *Tillegg under «Innsatsområdet» i handlingsplanen: Styrke arbeidet mot sosial dumping i landbruket.*

Frå den politiske saka (PS 256/2018):

Innsatsområde	Tiltak	2018	2019	Ansvarleg
Areal og ressursgrunnlag				
Utarbeide og legge fram ei politisk sak som vurderer kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonale jordvernsmål blir realisert	Vurdere kva tiltak ein må gjennomføre for å redusere nedbygging av jordbruksareal Hordaland, og bidra til å realisere nasjonale jordvernsmål.		x	HFK

Fylkesmannen i Vestland og Jordvernsstrategi for Vestland

Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane slo seg saman til Fylkesmannen i Vestland frå 1. januar 2019. Landbruksdirektør hos Fylkesmannen i Hordaland gjekk frå 1.januar 2019 over i ny stilling som Fagdirektør på plan, med spesielt ansvar for jordbruksareal. I Fylkesmannen sitt embetsoppdrag følgjer eit spesielt ansvar for oppfølging av Nasjonal jordvernstrategi. Ein del av denne oppfølginga kan vere å lage ein regional jordvernstrategi for Vestland.

Førande nasjonale dokument

- Prop. 127 S (2014-2015) jordbruksoppgjerset 2015 – endringar i statsbudsjettet 2015 m-m. Nasjonal jordvernstrategi
- Meld. St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling - Ei framtidsretta jordbruksproduksjon
- Prop. 1 S (2018-2019) Oppdatering av Nasjonal jordvernstrategi
- «Nasjonale forventninger til regional og kommunale planlegging 2019-2023». Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional- og kommunalplanlegging, etter § 6-1 i Plan- og bygningslova. Regjeringa legg vekt på at dei 17 berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegging.

Utarbeiding av Jordvernstrategi for Vestland

Målet er å utarbeide ein Jordvernstrategi for Vestland, med tilhøyrande handlingsplan. Strategien skal ta utgangspunkt i den nasjonale jordvernstrategien og konkretisere korleis fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunane i Vestland skal jobbe med jordvern.

Startsskotet for Jordvernstrategi for Vestland går under Landbrukskonferanse for Vestland i Sogndal den 3. og 4. september 2019. Landbrukskonferansen er eit samarbeidsarrangement mellom Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Under konferansen blir det presentasjon og dialog med kommunane and andre deltagarar. Innspela blir tatt med i vidare arbeid.

Neste milepål blir plankonferansen i oktober 2019. Plankonferansen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen i Vestland ved fagdirektør Åse Vaag sit i programkomiteen for plankonferansen. Hun har ansvar for tema 'Liv på land'. Arbeidet med Jordvernstrategi for Vestland vil bli presentert og diskutert på plankonferansen.

Det vil bli satt ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå begge fylkeskommunane.

Fylkesmannen i Vestland sender dokumentet på høyring til kommunane i Vestland før jul 2019.

Jordvernstrategi for Vestland vil truleg bli sendt til politisk handsaming våren 2020.

Saka om samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland vil også bli fremma for fellesnemnda.